



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Molde kommune

Dato: 11.01.2016

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 HMøre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

FRILUFTSLOVEN – BETALING FOR Å GÅ PÅ SKI

Vi viser til oppslag i Romsdals Budstikke 09.01.2016 knytt til innføring av løypeavgift på Skaret Skisenter.

Det grunnleggande prinsipp i friluftslova er at umotorisert ferdsel i utmark er gratis. Når innmarka er snødekt er også denne ferdselen lovleg på innmark. Det er ingen prinsipiell forskjell på om ein beveger seg på kunstsnø eller natursnø knytt til friluftslova. I 2014 sa Høyesterett med store bokstaver at bakkane i eit alpinanlegg var å rekne som utmark. (Saka om Hovden alpinanlegg). Det er difor ingen grunn til å tru at utfartsområdet rundt Skaret i Molde kommune ikkje er utmark. Dette er jo eit av dei store tradisjonelle regionale utfartsområda for friluftsfolket i Romsdal !

Jfr. friluftslovens § 13. (Ulovlige stengsler eller forbudsskilt)

Eier eller bruker av grunn må ikke ved stengsel eller på annen måte vanskeliggjøre ferdsel, opphold, bading eller høsting som er tillatt i denne lov, med mindre det tjener hans berettigete interesser og ikke er til utilbørlig fortrenghet for almenhetens utøvelse av allemannsrett.

Uten særskilt hjemmel er det ikke tillatt å sette opp skilt eller på annen måte kunngjøre forbud mot ferdsel, opphold, bading eller høsting som er tillatt i denne lov.

Vidare står det i friluftslovens § 20.(Uttalelse om tvilsspørsmål)

Er det tvil eller uenighet om

a) hvorvidt et grunnstykke skal reknes som innmark eller utmark etter denne lov, eller

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

Kontonr. 4202 32 54314 www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

*c) hvorvidt et stengsel, eller annen hindring, et skilt eller en kunngjøring er lovlig (jfr. § 13),
kan grunneieren, brukeren, eller et interessert friluftslag kreve uttalelse herom av kommunen.*

Om det skal innførast ei betalingsordning for å gå på ski i utmark må dette regulerast av frilufsloven § 14. Der fremgår det klart at avgift for adgang til frilufsområde berre er tillatt dersom kommunen har gitt løyve. Det fins eksempel på dette i Norge der det er etablert ein slik betalingsordning på lovleg vis på ein skiarena. Det er her då naturleg at kommunen stiller vilkår saman med løyvet som til dømes at barn og unge skal gå gratis, kor løypeavgifta gjeld, tidsbegrensning for avgifta osv.

Vi vil her minne om at Norges Idrettsforbund akkurat no driv eit arbeide for å sjå på korleis ein skal unngå ekskludering i norsk idrett sett i lys av at;

- I Norge er 78 000 barn i familiar med låg betalingsevne.
- Om lag 80 prosent av alle barn har vore innom idretten, og at idretten er ein av dei viktigaste sosialiseringarenaene i samfunnet.
- Kostnader – medlemskontingent, treningsavgift, reiser, utstyrsinnkjøp – er ein av fleire faktorar som hindrar barns deltaking.

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal meiner at den avgifta som er innført på Skaret Skisenter er ulovleg jfr frilufslovens § 13 og § 14. Vi ber difor Molde kommune om ein uttale om lovlegheita av dette jfr frilufslovens § 20 ledd c. Om ein skulle velgje å gå vegen om ein betalingsordning, ber vi om at barn og ungdom får gratis tilgang samt at frilufsfolket på Skaret får fritt leide til turterrenget på Skaret.

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Fræna kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Idrettskrets
Skaret Skisenter SA